

Bakgrunnsinformasjon – Styremøte 13.01.2020

Sak 05/20 Orientering frå fotballgruppa v/Jon Bråtveit

Hausten 2019:

- Sportsleg
 - Suldal IL har hatt ansvar for Suldalsserien- og cupen. Denne vart avslutta i haust. Alt gjekk knirkefritt. 3 miniknottlag, 3 knottelag, 3 lilleputtlag, 1 ungdomsskulelag. Eit av lilleputtlaga vann serie, og ungdomsskulelaget vann serien.
 - Damelaget fullførte sin første skikkelege sesong med 7. plass av åtte lag. Langt ned til nr 8, rett bak nr 6. Var nok litt arbeid å få nok spelarar til kvar kamp.
 - Herrelag gjorde ein god sesong, nr 2 på tabellen, stod om eit mål på førsteplassen.
 - Suldalsgutane G16-vår vann serien.
 - Suldalsjentene J17-vår nr 2.
 - Suldalsgutane G14 nr 10 av 11. God heng på eit par lag før seg.
 - Suldalsjentene J13, J14, J15 gode resultat på Randaberg Score Cup og Regy-cup.
 - Nyttårscup i gymsalen: 4 damelag (rekord) og 7 herrelag.
 - Arrangert trenarkurs for heile kommunen med FK Haugesund.
 - Diverse avslutningar.
- Administrativt
 - Følgja opp laga i sesongen 2019 og takka av trenrarar og oppmenn.
 - Undersøka kva lag me kan stilla i 2020.
 - Herrelag – tre nye frå Sauda IL, eit par gamle kjenningar. Sørfylket.
 - Damelag – vurderer 9'ar eller 11'ar. Sørfylket.
 - Ikkje grunnlag for å starta opp nytt Suldalsgutane- og jentene G/J13 – 7 interesserte.
 - Finna nye trenrarar, nokre usikre kort framleis, men reknar med me kjem i mål.
 - Miniknott: Tore Vik, Lars Erik Dalva, Tom Gardsteig
 - Knott: Dagfinn N. Havrevoll, Geir Bjarte Hoftun, Ronny M. Rugland
 - Lilleputt: Neri Fisketjøn, Michal Kral, Raymond Krog
 - Ungdomstrinn:
 - G15: Kristian Steine, Tor Arne Sigstad, Øyvind Marvik
 - J15:
 - Damer: Ørjan Underbakke
 - Herrer: Knut H. Foldøy, Jon Bråtveit, Arne Abrahamsen, Tor Olav Berge
 - Følgja opp sponsorar, både Suldalsgutane- og jentene (går ut 2020) og skiltreklame i Prestavikjo.
 - Oppgjer Suldalsserien- og cupen. 100 kr pr spelar.
 - Oppgjer Suldalsgutane- og jentene. Sponsor dekkar alle utgifter 2019. Ingen krav til samarbeidsklubbar.
 - Halda kontroll med trykking av drakter med nye logoar, samt bestilling av supplement (ein del drakter var små).
 - Eit par konfliktsituasjonar
 - Vedlikehald Prestavikjo (ballbu, lys, bane)
 - Tankar:
 - Trapp
 - Skog
 - Lys
 - 3'ar-banar
 - Høyringsutkast kunstgrasanlegg

- Suldal IL ønskjer forslag der utbedringar kjem når ein må gjera større utskifting/endring, ikkje gradvis innføring av krav.
 - Sy saman terminlister
 - Laga treningstider i gymsal og kunstgras.
 - Drøfting nytt divisjonsforslag frå kretsen.
 - Slå saman to 4. div-puljer til ei. Gjer at mange lag rykker ned. Må komma blant dei tre beste i 2020 for å ikkje rykka ned frå 6. div. I 2021 vil 6. divisjon vera på nivå med dagens 5. divisjon.
 - Suldal IL er mot denne endringa.
 - Utvida kledekolleksjonen, spesielt på seniornivå og Suldalsgutane- og jentene.
 - Generelle tingingar.
 - Har eit ønskje om materialforvaltar.
 - Opprydning drakter – mange gamle drakter med feil reklame. Mange er nesten nye.
 - Ny utstyrssavtale mellom Suldal IL/Sand Sport/Adidas
 - Forhørt oss om lager i gymsalen.
 - Får sannsynlegvis tilbod om å ha Grasrottrenarkurs lokalt. Første steg på trenarutdanninga, og eit kurs forbundet tilrår alle trenarar frå dei minste og oppover å ha. Ingen i Suldal IL som har dette.
 - Har ønskje om å gjera foajéen meir attraktiv for møte, sjå kamp, ta ein kaffi.
 - Motteke Suldalsposten sin blom saman med leiar i skigruppa på vegne av fotballgruppa, Suldal IL og alle som driv med frivillig arbeid.
- Økonomi
- Resultat:
 - Fotballgruppa Suldal IL: Omlag kr 5.000,- i minus
 - Alle utgifter er ført, ikkje alle inntekter er ført i fotballgruppa sitt rekneskap. Dette gjeld til dømes kommande innbetalingar frå andre klubbar på Suldalsserien- og cupen, eigenandelar på treningsdressar og andre klede.
 - Suldalsgutane- og jentene: Omlag kr 20.000,- i pluss
 - Takk til sponsorar, fotballgruppa, hovudstyret, spelarar, dommarar, trenarar, oppmenn, føresette og familiar som følgjer opp på trening, kamp og i kiosk, alle som hjalp til på Suldalscupen av frivillige og bedrifter, samarbeidslag i Suldal kommune, samt FK Haugesund og Røldal IL, den som nominerte leiarane i ski- og fotballgruppa til blom.

Jon Bråtvæit
 Leiar fotballgruppa, Suldal IL
 12.01.20

Sak 06/20 Orientering frå skigruppa v/Per Even Tjøstheim

- **Treningar**
 - 1.-2. klasse har vore inne i gymsalen tysdagar frå haustferien. Held på inne med allidrett til det er nok snø i lysløypa til å kome seg ut. Om lag 20 deltarar. Trenarar har vore Jens Marcussen og Aslak Moe.
 - 3.-4. klasse har vore ute på barmark på tysdagar i nærleiken av skulen. Om lag 10 deltarar og fleire foreldre har vore med. Oddny Lunde Bakka og Dagfinn Havrevoll har hatt ansvar. Byrjar med treningar på ski i midten av januar.
 - 5. klasse og eldre har hatt treningar tysdagar og torsdagar. Rulleski på torsdagar fram til månadskiftet oktober/november og intervall på joggesko tysdagar. Frå november til desember har ein hatt styrketrening inne i gymsalen på Sand på torsdagane. Første fellestrenings på ski var tysdag 10. desember, medan dei ivrigaste fekk prøve skia i Breiastølsdalen nokre timer 20. november. Forsesongen har vore prega av ustabile snøforhold sjølv om ein jamvel fekk nokre dagar med god skifør i lysløypa. Om lag 15 ungdomar og 5-6 vaksne har delteke på treningane. Trenarar har vore Stig Morten Nerheim, Sverre Vik og Per Even Tjøstheim.
- **Treningssamlingar**
 - Sonesamling på Lyngmyr i Sauda siste helga i oktober kor deltarar frå Hjelmeland, Sauda, Vindafjord og Suldal var med. 18 deltarar frå Suldal
 - Sonesamling på Gulling 30. november blei gjennomført av Hjelmeland og Suldal på barmark. Vel 20 deltarar totalt og fleire løparar reiste denne helga lenger etter snø.
- **Kurs**
 - Treningsleiarkurs halde av Rogaland Agder skikrets v/ Tove Andersen 25.-26. oktober i Sauda. Suldal IL stilte med 7 deltarar!
- **Skirenn**
 - Opningshelg på Hovden 7.-8. desember kor Hovdenrennet og Oddersjaarennet blei arrangert. Renn med 300 deltarar, deriblant 22 frå Suldal. Med smått og stort var det 45 personar frå Suldal på tur.
 - Jularennet på Korlevoll 26. desember, hadde 150 deltarar kor 8 var frå Suldal.
 - Aktuelle renn som Røldalsrennet og Saudasprinten er utsett på grunn av snømangel.
- **Prosjekt**
 - **Grunneigaravtale** med Jørgen Risa for den sørlegeaste delen av lysløypa er forlenga med nye 30 år.
 - **Skilt** i lysløypa med retningspiler, vendingsstader og kart er kjøpt inn og blir montert før første skirenn.
 - **Lysprosjektet** er ferdigstilt så nær som ei mast. Tippemiddelsøknad blei derimot levert inn på nytt nå i januar pga. manglande midler tidlegare år.

Kostnadsbudsjett og finansieringsplan lys:

Kostnader					
Rehabilitering av lysanlegg					kr 1 820 747
Kostnader som gjev rett til tilskot					kr 1 820 747
Kostnadstype	Skildring	Kjøp varer og tenester	Mva. på varer og tenester	Dugnadsverdi	Sum
Lys	armatur	206 000	51 500	0	257 500
Andre installasjoner	master m/ utstyr	425 000	106 250	0	531 250
Elektroinstallasjoner	jordkabel	131 000	32 750	0	163 750
Elektroinstallasjoner	av/ på styring	12 000	3 000	0	15 000
Grunnarbeid	gravearbeid	403 000	100 750	0	503 750
Andre installasjoner	koblingsarbeid	100 000	25 000	0	125 000
Søknadsbeløp og finansieringsplan					
Søknadsbeløp					
Kr		910 000			
Finansieringsplan					
Eigenkapital					
Kr		119 333			
Lån					
Kr		0			
Kommunalt tilskot					
Kr		350 000			
Fylkeskommunalt tilskot					
Kr		0			
Pengegåver/tilstok frå privatpersonar/private organisasjonar					
Kr		383 354			
Andre offentlege tilskot					
Kr		0			
Dugnadsverdi					
Kr		58 060			
Tidlegare spelemedlar					
Kr		0			
Totalsum finansiering					
Kr		1 820 747			

- **Snøproduksjonsanlegg** er finansiert i høve til trinn 1 med anlegg stort nok til å produsere snø i om lag 1,5 km løyper. Tippemiddelsøknad levert inn på nytt nå i januar på grunn av manglende midler i fjor. Det blir arbeidd med driftsplanar som skal vera klare til årsmøtet i Suldal IL slik at investeringsbeslutning kan takast. Relativt mykje administrasjons- og planarbeid fordelt på få personar.

Midler til finansiering har me per i dag fått lovnad på frå:

Ryfylkefondet	kr. 300.000,-
Sparebankstiftelsen Sauda	kr. 285.000,-
Sparebankstiftelsen SR-bank	kr. 250.000,-
Sparebanken Vest	kr. 500.000,-
Sum	kr. 1.335.000,-

I tillegg kjem kommunale midlar med kr. 1.000.000,- og omsøkte tippemidler med kr. 1.000.000,-

Kostnadsbudsjett og finansieringsplan snøproduksjonsanlegg:

Kostnader					
Bygging av snøproduksjonsanlegg			kr 3 730 313		
Kostnader som gjev rett til tilskot 					
Kostnadstype	Skildring	Kjøp varer og tenester	Mva. på varer og tenester	Dugnadsverdi	Sum
Bygningskostnader	Ombygg pumpehus,el-utstyr,kabelgrus,montasje.	400 000	100 000	150 000	650 000
Anna	Frakt fra leverandør til anlegg.	75 000	18 750	0	93 750
Grunnarbeid	Nedgraving av vannledning og strømkabel.	315 000	78 750	50 000	443 750
Elektroinstallasjonar	Installasjon av strøm til pumper og el-hydrant.	294 500	73 625	0	368 125
Fastmontert utstyr	Innkjøp av utstyr til snøproduksjon	1 739 750	434 938	0	2 174 688
Sum		2 824 250	706 063	200 000	3 730 313

Søknadsbeløp og finansieringsplan	
Søknadsbeløp	Kr 1 000 000
Finansieringsplan	
Eigenkapital	Kr 195 313
Lån	Kr 0
Kommunalt tilskot	Kr 1 000 000
Fylkeskommunalt tilskot	Kr 0
Pengegåver/tilstokt frå privatpersonar/private organisasjonar	Kr 1 335 000
Andre offentlege tilskot	Kr 0
Dugnadsverdi	Kr 200 000
Tidlegare spelemidlar	Kr 0
Totalsum finansiering	Kr 3 730 313

Sak 08/20 Orientering frå trimgruppa (Alf Aadnøy ikkje til stades)

Trimgruppas siste møter:

24 september 2019

09 Januar 2020

Fantastisk bra besøk på Skogstrimmen for 2019.

Rekord med totalt 5839 besøkende.

Opp med 12,5% i forhold til 2018, og opp 5% i forhold til rekordåret 2017

Førlandsøyane er best besøkt med 2150, og opp med 20% i forhold til i fjor, er det "Bever effekten" kanskje?? :-)

	2017	2018	2019	%	Endring %
Førlandøyane	2249	1799	2150	36,8	20 %
Vassbotn	1512	1427	1585	27,1	11 %
Stråpanuten	917	1040	932	16,0	-10 %
Prestastølen	317	333	405	6,9	22 %
Gunntveitåsen	331	214	376	6,4	76 %
Vinjarnuten	125	200	227	3,9	14 %
Fisketjønsvardane	79	139	109	1,9	-22 %
Midtstølen	33	38	55	0,9	45 %
Total	5563	5190	5839	100,0	13 %

For 2020, ønsker trimgruppå å bruke mer tid på å rydde langs turløypene og merke bedre hvor det er behov. I tillegg ta gode bilder fra turene, og markedsføre dette mer på hjemmesiden og facebook.

Trekning av premier Trimgruppa for 2019.

Blir annonseret på Årsmøtet til Suldal IL

Premie: gavekort pålydende 500,-

Dametrimmen

Tilbodet vert per dags dato ikke gitt, men det vil bli vurdert om det skal starta opp att ved eit seinare høve.

Ballspill - Hege

Har vært laber aktivitet høst 2019, prøver igjen å få gang på gruppa nå på nyåret.

Yoga - Gunn Tove

Går fast, gjennomsnitt 5-6 stk som møter opp. Veldig positivt at det er flere nye deltakere.

Gubbatrimmen

Går som normalt

Nytt tilbud "Ungdomstrinnet" Onsdager fra 17:00 til 18:30 - Alternativ til Fotball

(under notater fra møter angående dette)

Styret utfordret trimgruppa i begynnelsen av 2019 trimgruppa om å starte opp et opplegg for ca ungdomskolen og til 18 år. Vi har pr nå ikke kommet videre med dette, men ønsker å ta opp ballen nå.

Dessverre sliter Trimgruppa med å ta ansvaret selv for dette, og er avhengig å finne noen som ønsker å ta dette videre.

Vi fikk tips fra styret om Anette kunne være interessert, men vi har enda ikke tatt kontakt. Alf tar kontakt i løpet av neste uke og undersøker om Anette fortsatt er interessert.

Hovedsak ikkje fotball, fokusere på andre aktiviteter.

Eksempelvis innebandy, Håndball osv.

Forslag eks: 20 min oppvarming, 30 minutt 1. aktivitet, 30 minutt 2. Aktivitet. 10 minutt rydding/strekk.

Tenker litt mer på hvem andre som vi kan spørre om kan ta hovedansvar for dette.

Sak 09/20 Allidretts-SFO v/Aslak Moe

Bakgrunn:

Ideen kom opp i forbindelse med diskusjon om korleis ein skal klare å involvere flest mogleg av dei yngste i aktivitet. Fotball har godt oppmøte i dei yngste årsklassane, og det same gjeld skitreningane generelt og innetreninga i gymsalen spesielt. Likevel er det nok ein del som ikkje er spesielt interessert i fotball eller ski, og eit tilbod som ikkje er knytta til ein spesiell idrett har vore etterlyst av fleire. I ein travel kvardag kan det likevel vere vanskeleg å få til eit nytt aktivitetstilbod på ettermiddagstid. SFO-tida etter skuletid kan då vere ei tidsluke ein kan utnytte.

Forslag til opplegg:

Suldal IL lagar eit testopplegg for 1.-2.klasse kvar torsdag frå februar og fram til påske frå klokka 14 til 15. Tilboden er ope for alle, både dei som har SFO-plass og dei som ikkje går på SFO, og er gratis. Suldal IL stiller med ansvarleg person (Jens Marcussen), medan Vinjar skule stiller til rådighet tilsette i SFO dersom tilboden blir populært og det er få ungar att på ordinær SFO. Fokus er allidrett (barneleiker, hinderløype, turn, kanonball etc.). Dette er eit opplegg ein ikkje kan forvente at folk gjer på dugnad, og Suldal IL lønnar ansvarleg (kostnad for testopplegg er kroner 4000). Invitasjon vert delt ut i klassane slik at ein får lodde interessa.

Målsetjing:

Få flest mogleg av dei yngste ut i aktivitet. Om testopplegget blir godt mottatt kan ein vurdere å utvide både perioden og om ein skal gi tilsvarande tilbod til andre årsklassar. Potensielt kan dette vere eit opplegg ein også kan få pengestøtte av frå Suldal kommune, men for å komme i gong så raskt som mogleg tar Suldal IL kostnaden sjølv i første omgang.

Sak 10/19 Nytt reiseregulativ v/Aslak Moe

Bakgrunn:

I tidlegare styremøter har ein diskutert dagens praksis med reiserekningar, og at det er behov for ei presisering av kva satsar som skal gjelde. Reiseregulativet skal vedtas i årsmøte. Dagens reiseregulativ nedanfor:

REGLAR FOR REISEGODTGJERING I SULDAL IDRETTSLAG

1. Suldal Idrettslag yt godtgjersle til medlemmer når dei deltek på stemne utanfor kommunen. Godtgjering for bruk av skyssmiddel innan kommunen vert ikkje dekka med unntak av naudsynt rutebåt / ferje.
2. Reisa skal skje på billigaste måte. Suldal Idrettslag har ingen ting imot at det vert nytta dyrare reisemåte dersom den/dei reisande sjølv dekkar ekstrautgiftene.
3. Reiserekning skal leverast gruppeleiar for attestering og utbetaling snarast etter at reisa er avslutta
4. Særskilde reisemål (kurs, konferansar, NM og liknande) skal handsamast i gruppestyret på førehand i kvart enkelt tilfelle.
5. Laget dekkjer reise og overnatting for utsendingar til ting og liknande.
6. Gruppeleiar peiker ut reiseleiar. Reiseleiar for born skal ikkje betala eigenandel
7. Innan kommunen betalar kvar passasjer kr. 20,- til bileigaren.
8. Det vert ikkje utbetalt kostgodtgjersle.
9. Dokumenterte utgifter til naudsynt overnatting vert dekka etter billegaste alternativ.

10. For reiser utanfor kommunen skal det betalast eigenandel.
11. Gruppeleierane er ansvarlege for at alle som representerer Suldal Idrettslag har betalt medlemskontingent.
12. Reiseregulativet skal godkjennast årleg av årsmøtet.

Forslag til nytt reiseregulativ nedanfor, endringar i raudt:

REGLAR FOR REISEGODTGJERING I SULDAL IDRETTSLAG

1. Suldal Idrettslag yt godtgjersle til medlemmer når dei deltek på stemne utanfor kommunen. Godtgjering for bruk av skyssmiddel innan kommunen vert ikkje dekka med unntak av naudsynt rutebåt / ferje.
2. Reisa skal skje på billigaste måte. Suldal Idrettslag har ingen ting imot at det vert nytta dyrare reisemåte dersom den/dei reisande sjølv dekkar ekstrautgiftene.
3. Reiserekning skal leverast gruppeleiar for attestering og utbetaling snarast etter at reisa er avslutta
4. ~~Særskilde reisemål (kurs, konferansar, NM og liknande) skal handsamast i gruppestyret på førehand i kvart enkelt tilfelle.~~
5. Laget dekkjer reise og overnatting for utsendingar til ting og liknande.
6. Gruppeleiar peiker ut reiseleiar. Reiseleiar for born skal ikkje betala eigenandel
7. Det vert utbetalt ei kilometergodtgjersle tilsvarande 50% av Statens satsar for kilometergodtgjersle og tilleggssats for passasjer.
8. Innan kommunen betalar kvar passasjer kr. 20,- til bileigaren.
9. ~~Det vert ikkje utbetalt kostgødtgjersle.~~
10. ~~Dokumenterte utgifter til naudynt overnatting vert dekka etter billegaste alternativ.~~
11. Suldal idrettslag yt godtgjersle mot framvising av kvittering for overnatting på inntil 750 kroner pr. døgn.
12. For reiser der forventa totalkostnad vert over 5.000 kroner skal reisa godkjennast i førekant – jfr. punkt 15.
13. For reiser utanfor kommunen skal det betalast eigenandel.
14. Gruppeleierane er ansvarlege for at alle som representerer Suldal Idrettslag har betalt medlemskontingent.
15. Etter særskild førehandssøknad kan Suldal Idrettslag yte godtgjersle utover dei satsane som er fastsett i reiseregulativet i forbindelse med kurs, konferansar, større idrettsarrangement og liknande. Søknad skal handsamast av det respektive gruppestyre eller hovudstyre.
16. Reiseregulativet skal godkjennast årleg av årsmøtet.